



Hordaland Fylkeskommune V/ Marte Eriksrud

**Vår ref.**  
16/1090-4/N - 700/KAWV

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
13.05.2016

## **Innspel frå Kvam herad til Nasjonal Transportplan 2018- 2029**

Kvam heradsstyre har i sak 059/16 gjort vedtak om følgjande høyringsinnspel til Nasjonal Transportplan 2018-2029:

1. I aust-vestutgreiinga foreslår Vegvesenet at det blir gjennomført ein KVU for arm til Bergen (frå E134). Denne er så langt ikkje bestilt av regjeringa og ein avventar konklusjonen på KVU Gol-Voss. Vi vil peike på at det er stort behov for nedkorting av reisetida mellom E134 + store delar av Hardanger og Bergen, heilt uavhengig av konklusjonen for RV7/RV52. Vi forventar nå at det blir gjennomført KVU for arm til Bergen for å avklare den langsiktige strategien for utbygging.
2. Fv7 må, som omkøyringsveg, vera ein del av utbygging av E16 Arna-Voss, og omklassifisert til riksveg. Vegen må verta sikra og oppgradert til «gul stripe».
3. Drift og vedlikehald av fylkesvegar er i dag underfinansiert. I NTP 2018-2029 må dette rettast opp.
4. Endring i miljø og klima har auka faren for skred, og vegane i Hordaland er spesielt utsette. Kvam herad ber om at det i endeleg framlegg til NTP 2018-2029 vert lagt til grunn høgste ramme for midlar til skredsikring.
5. Driftskostnadene for drift av dagens ferjestrekningar har av fleire grunnar auka vesentleg meir enn disponible midlar. Dette går ut over kvalitet og kapasitet. Kvam herad ber om at midlar til drift av ferjer vert auka i takt med auka behov og med god kvalitet

Helsing

**Kari Weltzien Vik**  
Administrativ rådgjevar  
Telefon: 56553022

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

